

# Styresak

---

Går til: Styremedlemmer  
Føretak: Helse Fonna HF  
Dato: 09.12.16  
Sakshandsamar: Kari Ugland  
Saka gjeld: **Revisjon av lovpålagde samarbeidsavtaler mellom Helse Fonna og kommunane**

**Styresak 081/16**

**Styremøte 19.12.2016**

1 vedlegg

Mandat for evaluering av lovpålagde samarbeidsavtaler

---

## **Forslag til vedtak:**

Styret tar saka til orientering

## **Bakgrunn**

Samhandlingsreforma er ei reform som skal gjennomførast over tid med start 01.01.12. Stortinget vedtok 24.06.11 ny lov om kommunale helse- og omsorgstenester, ny lov om folkehelse og Nasjonal helse- og omsorgsplan (2011-2015), samt endringar i ei rekke andre lover knytt til Samhandlingsreforma.

Gjennom reforma og nytt lovverk blir kommunane sitt overordna ansvar for helse- og omsorgstenester tydeleggjort. Reforma inneber at kommunane på sikt skal ta over oppgåver frå spesialisthelsetenesta og at pasientane skal få betre koordinerte tenester. Ny helse- og omsorgstenestelov pålegg helseføretaka og kommunane å inngå samarbeidsavtalar innanfor ei rekkje område, og det er inngått likelydande lovpålagde avtalar mellom Helse Fonna og alle kommunane i regionen, overordna samarbeidsavtale og 11 tenesteavtalar, styresak 05/12 og 51/12. Avtalane vart reviderte første gang i 2013 og psykisk helsevern og rus blei innarbeidd, jf. styresak 61/13.

Etter helse- og omsorgstenestelova § 6-5 skal partane «årlig gjennomgå avtalen med sikte på nødvendige oppdateringer eller utvidelser».

I styresak 61/13 A punkt 2. vedtok styret i Helse Fonna å gi «administrerande direktør fullmakt til å godkjenna faglege endringar som følgjer av seinare revisjon der desse ikkje har prinsipielle administrative eller økonomiske konsekvensar».

Gjennomgangen av avtalane som no er gjort er ikkje vurdert til å få prinsipielle administrative eller økonomiske konsekvensar, og vil bli handtert administrativt i tråd med styret sitt vedtak.

Samhandlingsutvalet er sett til å følgje opp og vedlikehalde overordna samarbeidsavtale med tilhøyrande tenestavtalar. Prosess for gjennomgang av avtalane i 2016 ble diskutert i utvalet som gjorde vedtak om å nytte etablerte fagnettverk, arbeidsgrupper og FOUSAM i evalueringa. Dette for å sikre god og brei representasjon frå partane i arbeidet med gjennomgangen av alle avtalane. Det ble utarbeida mandat for arbeidet som ligg ved styresaka.

Det kom mange innspel til endringar i avtalane etter denne første gjennomgangen og alle innspela ble drøfta i samhandlingsutvalet. Avtalane ble etter dette oppdaterte og sende ut til kommunar og føretak til høyring før ein siste gjennomgang med drøfting av høyringsinnspela i samhandlingsutvalet.

Samhandlingsutvalet har vurdert forslag til endringar opp mot lovkrav og føremål med avtalane slik det er beskrive i overordna samarbeidsavtale punkt 3.

### **Endringar som er gjort i dei lovpålagde samarbeidsavtalane**

Mange av endringane som er gjort går på forenkling av tekst og redigering som ikkje har praktiske konsekvensar for partane sine plikter etter avtalane, men som skal bidra til å gjøre innhaldet tydelegare. Slike endringar er gjort, men vil ikkje bli gjort greie for i denne styresaken. Vidare er det tatt ut avtaletekst som er reine prosedyrar, dei fleste av disse gjeld psykisk helse og RUS. Det er gjort nødvendige oppdateringar som gjeld elektronisk meldingsutveksling i samhandlinga, og det er tatt høgde for nye nasjonale føringar.

Strukturen i avtalene er ikkje endra med unntak av tenesteavtale nr. 10 (Samarbeid om helsefremjande og førebyggjande arbeid) som skil seg frå dei andre med omsyn til struktur og innhald. Dette er eit forsøk på å imøtekomma dei nasjonale evalueringane av samarbeidsavtalar som er komne som har vekt på at avtalane bør bli meir konkrete,

tydelege og presise og meir forpliktande. Ved neste revisjon kan ein vurdere å gjøre tilsvarande endringar i dei andre avtalane.

Når det gjeld overordna samarbeidsavtale er det gjort endring i funksjonstida for dei kommunale representantane som nå blir fire år, noko som vil bidra til større kontinuitet i arbeidet. Det er også tatt inn at partane kan ha ein fast vararepresentant i møter som vil endre status til medlem ved fråvær.

Når det gjeld tenesteavtale nr.4, avtale om kommunen sitt tilbod om døgnopphald for øyeblikkeleg hjelp, blir revisjonen handsama i eigen prosess. Dette på grunn av endring i føringar og krav til innhaldet i det kommunale tilbodet, jf. ny vegleiar. Styret vil bli orientert i eigen sak når revidert avtale er forhandla fram.

## Evaluering av tenesteavtalar 2016

### Mandat for arbeidet

Samhandlingsutvalet (SU) er sett til å følgje opp og vedlikehalde overordna samarbeidsavtale med tilhøyrande tenestavtalar. Prosess for gjennomgang av avtalane i 2016 er diskutert i SU, og det er vedteke å nytte etablerte nettverk, arbeidsgrupper og FOUSAM i evalueringa. Dette for å sikre god og brei representasjon frå partane i arbeidet. Oppdraget går til namngitte personar som får eit ansvar for å følgje opp arbeidet og rapportere til SU. Gruppleiarane må sikre samarbeide med aktuelle fagressursar i andre nettverk/arbeidsgrupper og sørgje for anna bistand der en ser at det er naudsynt. Det skal være deltaking frå psykisk helsevern og Høyskolen Stord/Haugesund (HSH) der det er relevant.

Dei tillitsvalde må bli invitert inn i arbeidsgruppene, og gruppleiar må også sikre nødvendig brukarrepresentasjon.

Gruppleiarar vil bli inviterte til eit startmøte der det vil bli gitt nærare informasjon om prosessen og bistand med å finne deltakarar til arbeidsgruppene, samt oppnemning av tillitsvalde og brukarar.

SU ber om at ansvarlege for evalueringa (gruppleiar) melder tilbake oversikt med namn, fagområde og arbeidsstad for alle som deltek i arbeidet. Oversikt, saman med framdriftsplan for gjennomgangen, sendast SU koordinator Sølvi Torvestad **innan 26.februar**. [solvi.torvestad@helse-fonna.no](mailto:solvi.torvestad@helse-fonna.no)

Til grunn for gjennomgangen ligg lov og forskrift, nasjonale veiledere og vedtekne prosedyrar. SU ber om et særleg fokus på gråsonar og område som kan gi rom for tolking. Strukturen i avtalane skal vidareførast, men arbeidsgruppene kan gi innspel til SU på sine vurderingar for mogleg forenkling av avtalane til evalueringa i 2017/2018.

Innspel på endringar i avtalane skal sendast til SU koordinator med **frist 12 april**. Innspela må vise til konkret overskrift og nummerering i avtalane.

Samhandlingsutvalet vil handtera vidare prosess for oppdatering av avtalane før dei blir sende ut til kommunar og føretak for endeleg handsaming og godkjenning.